



Så startar motbakkane, frå vegen ved Haugland.

**Sjølvsagt om det var ideelt var å konkurrere i - med rundt 10 grader på toppen av Solfjell - var det ein viss svikt i deltakinga i Solfjelløpet i dag.**



Løa ved Haugland var ein praktisk base

Gruppeleiinga håpa på 150 deltakarar denne gongen, medan det var 104 sist. Det gjekk ikkje i oppfylling, deltakartalet stoppa på 92 og fordelinga var 61 mosjonistar og 31 i konkurranseklassa. I fjor var det 72 mosjonistar og 30 i konkurranseklassa og det er grunn til å tru at nedgangen av mosjonistar dels skuldast

veret dei siste dagane og dels at løpet gjekk på ein laurdag. Vi møtte fleire som ynskje Solfjelløpet attende til ein søndag fordi dei hadde anna å gjera i dag.

Løpet er ellers under stadig utvikling. Ein tilleggsgstevling i dag var særleg retta mot dei unge og spørsmålet var: Finn du noko på turen som ikkje ler å finna i naturen til vanleg? seks 'naturstridige' ting var plassert på strekinga opp til Storhaug, Til dømes ei skattekiste og ei colaflaske. Med andre ord var det ein instruksjon i naturvern.

Arrangementet var bortimot prikkfritt, som dei to føregåande åra. Starten gjekk ikkje frå Heio, som det vart opplyst på førehand, men frå krysset ved Haugland der ei løe var ein praktisk base. Godverståka gjorde det noko guffent frå starten, men sola fekk etterkvart overtaket slik at det samla sett vart ideelt konkurransever. Det har det ikkje vore før - første året var det for varmt og andre året for kaldt.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Sveinung Erland frå Haugesund var først gjennom grinda ved Tverrelva etter start, men til slutt vart han andremann